

# Styremøte i Vats grendelag, torsdag 19/4 – 18

Stad: Vindafjordhallen

Fremmøtte:

Tor Olav Gregersen, Jone Døvik, Magne Hansen Stokland, Lill – Eva Dale, Christine Sandvik

Styret gjekk gjennom følgjande saker:

1. **Gjennomgang av referatet frå sist styremøte (19/1 – 18):** Jone sender søknadane som blei gjennomgått og skrivne sist møte. Christine har snakka med Liv som kunne stille som leiar av valnemda i 2018.
2. **Tursti langs Vatsvatnet:** Styret ventar på svar frå Vindafjord kommune om det er mogleg å få til. Vidare har styret vore i kontakt med alle grunneigarar og veit nå korleis dei stiller seg til saka.
3. **Søppelaksjon:** Grendelaget har fått spørsmål om dei har tenkt å engasjere seg i den store søppelaksjonen som skal føregå i Rogaland 3 mai. Styret lurar på om rydding av søppel langs vegar er ein del av vei vedlikehaldet. Tor Olav snakkar med Asbjørn Opedal. Om det ikkje er ein del av vedlikehaldet ynskjer styret å kontakte alle samarbeidslaga i Vats å høyre korleis dei stiller seg til dette og om me eventuelt kunne fått til ein samla dugnad på dette.
4. **Tufteparken:** Det er komne inn fleire ynskjer på ein tuftepark i Vats. Spørsmålet er kor den skal plasseras. Kan grusbanen ved skulen vera eit alternativ? Då er den i nærleiken til fotball, skule og diverse andre aktivitetar. Vidare er spørsmålet om kva prisen på noko slik er og korleis me skal få finansiert dette.
5. **Status ungdomslaga i Nedre Vats og Øvre Vats:** Øvre Vats ungdomslag ynskjer å fortsette, men vil gjerne ha forslag om formål som dei kan bruke midlar dei sitt på til. Dette formålet må vere til barn og unge først og fremst i Øvre Vats. Frå Nedre Vats ungdomslag har det ikkje komme nokon tilbakemelding etter årsmøtet.
6. **Anna:**
  - Det er komme inn ynskje om at grendelaget kan lage ei facebookside i der ein har oversikt over alt som skjer i Vats (frå basarar, fotballkampar og dugnader til ting som er mista/blitt funne). Der kan ein og lenkje til alle lag og foreningar sine eigne facebooksider. Styret ser føre seg at ein då må ha nokre gruppereglar slik at ein unngår unødvendige og useriøse diskusjonar på dette forumet. Denne sida må me og få knytta opp mot Vatsnett. Christine sjekkar opp i dette.
  - Det blir ein liten markering av 10 års jubileet til grendelaget på årsmøtet til hausten.

**Neste styremøte blir måndag 11 juni kl 19.00 på Soltveit grendahus.**